



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Grete Kathrine Jacobsen, 5557 2116  
Astrid Holte, 5557 2319

Vår dato  
28.04.2014  
Dykkar dato  
28.03.2014

Vår referanse  
2014/4269 421.3  
Dykkar referanse  
14/872

Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

### Uttale - Austrheim - Gnr 156 Bnr 11 og 13 - Jorddeponi - Dispensasjon

Fylkesmannen viser til dykkar brev av 28.3.2014. Saka gjeld søknad om midlertidig dispensasjon for deponering av 20 000 m<sup>3</sup> reine jordmassar på landbruksområde til uttale.

Denne saka har eit slikt omfang at Fylkesmannen primært rår til at det vert utarbeidd reguleringsplan for området. Sekundært må det setjast klare vilkår til tiltaket i dispensasjonsvedtaket.

#### Forureining

Området har avrenning til Austrheim-elva, som er karakterisert i vann-nett med dårleg miljøtilstand på grunn av påverknad frå landbruk. Det er særleg målt høgt innhald av fosfor og nitrogen. Kommunen må i si handsaming av saka sikre at tiltaket ikkje fører til forureining.

Ein jordtipp kan føre til forureining ved tilførsel av partiklar og nærings salt til vassdraget. Dersom det skal nyttast sprengstein, kan dette gje avrenning av både skarpe partiklar og nitrogenforbindelsar som er skadeleg for fisk og anna liv i vassdrag. Ved etablering av jordtipp må det difor setjast krav om at tiltakshavar må hindre direkte avrenning til vassdrag og at arbeidet må utførast på ein slik måte at ein hindrar erosjon og avrenning frå utfyllingsområdet. Dette gjeld både steinstøv, nitrogen og andre næringsstoff og jordpartiklar som kan føre til nedslamming av vassdraget og skade på gytegroper og fisk.

I handsaminga må ein sikra at området berre kan fyllast med reine jomfruelege stein- og jordmassar med innhald under normverdien i forureiningsforskrifta. Det bør gå tydeleg fram at det ikkje er lov å ta imot avfall som betong, tegl, asfalt, takstein, glas, byjord eller andre forureina jordmassar. Det bør krevjast dokumentasjon på kvalitet av massane før levering.

#### Bakkeplanering i forureiningsforskrifta kap. 4

Ut frå opplysningane ser det ut til at tiltaket er omfatta av definisjonen på bakkeplanering i kapittel 4 i forureiningsforskrifta. Føremålet med denne forskrifta er å førebyggje, avgrense eller stanse forureining/erosjon frå planeringsfelt. § 4-2 definerer bakkeplanering som arbeidet med å gjere brattlendt eller kupert dyrkbart og tidlegare dyrka areal skikka for maskinell landbruksdrift, om tiltaket omfattar eit areal på minst 1 dekar. Det er søknadsplikt etter forskrifta for anlegg av planeringsfelt, og kommunen må godkjenne plan for bakkeplaneringa. Planen skal være i samsvar med [Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt](#).

Dersom det vert laga reguleringsplan for området, og krav til tiltak for å sikre mot forureining er med i denne, kan kommunen gjere vedtak om unntak etter § 4-9.

#### Forureiningslova

I utgangspunktet trengst ikkje løyve etter forureiningslova dersom utfylling av reine massar vert gjennomført på ein slik måte at det ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe for miljøet. For å sikre at utfylling av reine massar ikkje vil føre til forureining må ein utarbeide reguleringsføresegner eller vilkår i eit dispensasjonsvedtak som ivaretek dette.

Dersom det skal nyttast avfall til utfyllinga, må det gjerast ei vurdering etter forureiningslova. Sprengstein er næringsavfall etter reglane i forureiningslova.

### **Landskap**

Austrheim har eit sårbart landskap, og det må difor takast landskapsomsyn i samband med tiltaket. Slik saka ligg føre no, så går det ikkje klart fram korleis terrenget skal hevast og korleis fyllingsfoten vil sjå ut. Vi saknar profiler som viser situasjonen før og etter tiltaket. Det er viktig at tiltaket ikkje resulterer i bratte skråningar, og fyllinga bør avsluttast mot eksisterande terreng slik at ein unngår kunstige formasjonar.

### **Tidsfrist**

Tiltaket er tenkt å gå føre seg over ein femårsperiode. Det er viktig å sette en tidsfrist for fullføring av tiltaket. Slik kan ein unngå at arealinngrepet blir eit ope sår i landskapet lenger tid enn naudsynt.

### **Barn og unge og trafikksikring**

Kommunen bør og vurderer om barn og unge har interesser i området. Til dømes kan det vere aktuelt med tidsavgrensing på transport og tipping av massar, om dette er ein skuleveg.

### **Oppsummering**

Fylkesmannen rår til at det utarbeidast ein reguleringsplan for tiltaket med tilhøyrande føresegner som sikrar dei ovannemnde omsyna. Om det ikkje vert utarbeidd ein reguleringsplan må, det setjast klare vilkår i dispensasjonsvedtaket knytt til at jordmassane skal vere reine, hindring av forureining til vassdraget, og tidsfrist for ferdigstilling av tiltaket. Kommunen må og vurderer om det er naudsynt å setja vilkår knytt til trafikksikring og landskapsomsyn.

Ut frå opplysningane ser det ut til at tiltaket er omfatta av definisjonen på bakkeplanering i kapittel 4 i forureiningsforskrifta. Det er søknadsplikt etter forskrifta for anlegg av planeringsfelt, og kommunen må godkjenne plan for bakkeplaneringa. Dersom det vert laga reguleringsplan for området, og krav til tiltak for å sikre mot forureining er med i denne, kan kommunen gjere vedtak om unntak etter § 4-9.

Vi minner elles om at kommunen har ansvaret for tilsynet med eit slikt deponeringsområde. Kommunen må særleg sjå til massekvalitet og tiltak for å hindre forureining.

Med helsing

Arve Meidell e.f.  
seksjonsleiar

Grete Kathrine Jacobsen  
rådgjever

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*